

325. (Indlæg)

Kiitos, arvon presidentti, ärade Nordiska rådet, bedste nordiske venner, eg heiter Dag Henrik Nygård og representerer Ungdomens nordiske råd.

Norden skal vere den best integrerte og mest berekraftige regionen i 2030.

Vi ser at fleire barn og unge veks opp i familiar med låg inntekt. Det skjer ute i verda, men òg i Norden i dag. Alle har vi høyrte ei historie eller sjølve sett barn og unge vekse opp i ein familie med låg inntekt. Mi farmor fortalde om klassekameratar som berre kom på skulen annankvar dag fordi det ikkje var nok sko til alle i familien. Naboen fekk kallenamnet «sirupen» under krigen, fordi dei berre hadde råd til sirup som pålegg.

Ting har endra seg, men det er barn som veks opp i dag utan å kunne vere med på fritidsaktivitetar eller ha same klede som alle dei andre. Dei passar ikkje inn i gjengen fordi økonomien i heimen er annleis. Det kan vidare føre til dårleg psykisk helse.

Ungdom treng fellesskap, utan at økonomien skal vere eit hinder. Eg trur at barne- og ungdomsorganisasjonane vil kunne vere viktige for unge i familiar med låg inntekt.

Vi har verken tid eller råd til å vente. Ingen skal måtte verte kalla «sirupen». Norden må trakke opp løypa – saman.

Mange tak for Deres opmærksomhed.